



Retningslinjer

for Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)

Haram kommune 2025-2028



Innhald

1. Bakgrunn	2
2. Generelle Vilkår	3
3. Miljøutfordringar	4
4. Status i Haram kommune	5
Kulturlandskap	5
Kulturminneverdiar	5
Forureining.....	5
5. Tiltaksgrupper	6
Kulturlandskap / Verdifulle jordbrukslandskap.....	6
Biologisk mangfald	6
Kulturminne og kulturmiljø.....	6
Friluftsliv og tilgjengelegheit	6
Forureiningstiltak	7
Avrenning til vatn	7
Utslepp til luft.....	7
Plantevernmidlar	7
Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt	7
6. Prioriteringar	8
7. Satsar	8
8. Søknadsfrist og handsaming	9

1. Bakgrunn

Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL-midlar) har som føremål å ta vare på natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere forureining frå landbruket. Tilskotet er eit eingongstilskot som kan løyvast til tiltak som går utover det som kan ventast gjennom vanleg landbruksdrift. Jfr. §1 i Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket

Verkeområde for ordninga går fram av § 2 i forskrifta

«§ 2 Virkeområde:

Forskriften gjelder for prosjekter/tiltak på landbrukseiendommer jf. [jordloven § 12](#), samt i områder vernet etter [lov 19. juni 2009 nr. 100](#) om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) og [lov 9. juni 1978 nr. 50](#) om kulturminner».

Kommunen skal fastsette lokale retningslinjer for prioritering av søknadar.

Slike retningslinjer skal utarbeidast i dialog med Statsforvaltaren og fagorganisasjonane i landbruket.

Lokale retningslinjer kan ikkje innskrenke eller utvide forskriftas føremål, verkeområde og vilkår. Planen skal godkjennast politisk og rullerast kvart 4 år.

SMIL-ordninga forvaltaast av kommunen og blir gitt som eingongstilskot til investeringar og istandsetting. Det kan vere aktuelt å søkje om regionalt miljøtilskot (RMP) der det er behov for varige skjøtselstiltak etter gjennomført SMIL-tiltak.

2. Generelle vilkår

Kven som kan søkje SMIL-tilskot vert regulert av sentral forskrift.

For å få innvilga SMIL-tilskot må det gå føre seg ein tilskotsberettiga produksjon på landbrukseigedommen. For å kunne motta tilskot etter forskrifta som føretak, må føretaket vere registrert i Einingsregisteret. Søkjar, som kan vere eigar eller leigetakar av landbrukseigedommen, må oppfylle vilkåra for å motta produksjonstilskot. I tillegg må føretaket enten oppfylle vilkår for tilskot til husdyrhald eller tilskot til jordbruksareal.

Søkjar må oppfylle vilkår i forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging.

Vidare ligg forskrifta til grunn for all handsaming av søknadane.

Følgjande sentrale og lokale vilkår kan framhevast:

- SMIL-tilskot kan gjevast til miljøtiltak som går utover det som kan forventast som ein del av den vanlege jordbruksdrifta. Ordinært vedlikehald gjev ikkje grunnlag for støtte. Tiltaka skal krevje ein ekstra innsats og kostnad
- Tiltak som allereie er starta opp eller er utført får normalt ikkje innvilga tilskot.
- Det gjevast normalt ikkje tilskot til inngjerding eller andre tiltak til fulldyrka jord.
- Restaurering og skjøtsel av areal som det er gitt areal- og kulturlandskapstilskot til etter PT-forskrifta (Produksjons- og avløysartilskot) i løpet av siste 10 år, får normalt ikkje innvilga SMIL-tilskot
- Gamal kulturmark er areal med vegetasjon utforma ved m.a. slått, beiting, styving eller brenning gjennom lang periode, ofte utan tilførsel av gjødsel, og med eit plante- og dyreliv som skil seg frå det som elles kan vere vanleg i området. Areal er ikkje prega av moderne jordarbeiding. Skjøtsel og restaurering av slike areal kan det gjevast tilskot til.
- Etablering av beite i skog og utmark som ikkje kan klassifiserast som gamal kulturmark er ikkje eit SMIL-tiltak. Det kan vurderast om slike tiltak kan vere aktuelle innafor ordninga «Tiltak i beiteområder».
- Tilskot til innkjøp av digitale gjerder gjennom SMIL, vil vere i høve der kulturlandskapsverdiane i eit område er store og at fysiske gjerder er krevjande å få til.

3. Litt om Haram og dei lokale miljøutfordringane

Den dominerande landbruksdrifta i Haram er mjølk- og kjøtproduksjon og ekstensivt sauehald.

Det er store naturvariasjonar i kommunen med djupe fjordar, bratte fjell, fjord- og dalstrøk, holmar, skjer, strender, skog, myr og hei.

Jordbruket sitt kulturlandskap har fått si form og sitt uttrykk etter menneskeleg aktivitet i samspel med naturgrunnlaget over tid.

Det har vore ei sterk strukturrasjonalisering i jordbruket dei siste 25 åra. Talet på søknadar om produksjonstilskot har gått sterkt tilbake. Dei fleste bruka har hatt ei kraftig auke av leigd areal i drifta. Det er difor færre personar til å drive jordbruksareala. Det er viktig å leggje til rette for god forvaltning av matjorda.

Dei lokale miljøutfordringane framover vert å halde på det opne kulturlandskapet og skjøtte dei spesielle natur- og kulturminneverdiane vi har. Framande artar som til døme dikesvineblom, knappsiv og tistel er aukande. Vi har eit spesielt ansvar for områda som har lokalitetar med sjeldne botaniske artar som er avhengig av kontinuerleg drift. Å ta vare på tradisjonelle og verneverdige bygg som sommarfjøsar, kvernhus, stabbur, brønnar, steingardar osv., som viser den gamle kystkulturen og særpreget i bygdene våre har verdi. Det store behovet for å nytte kulturlandskapet til rekreasjon og fritid krev tilrettelegging både for å auke tilgjenge, og for å unngå konflikhtar med jordbruksdrifta.

Piggtråd og gamle gjerder bør ryddast opp i. Dette er både avfall og ein sikkerheitsrisiko for dyr og menneske som ferdast i naturen.

4. Status i Haram kommune

Kulturlandskap:

Tiltak i kulturlandskapet skal fremje kunnskap, oppleving og bruksverdiar gjennom skjøtsel, utbetring og istandsetjing.

Ein del areal har gått ut av drift, eller er i fare for å bli liggjande brakk. Mange av gardane i fjord- og dalstrøka hadde i tidlegare tid setrar, som no er nedlagt og delvis attgrodd. Store lynghieiområde finst framleis i Haram, men deler er i ferd med å gro att.

Område på øyane er registrert som nasjonalt viktige område for biologisk mangfald.

Kommunen har fleire fredingsområde etter naturvernlova og er særskild rikt på fornminne.

Desse områda krev framleis skjøtsel for å bevare dei spesielle artane og sitt særpreg.

Viktige område for biologisk mangfald, kulturlandskap og fredingsområde er vist i «Naturbasen» til Direktoratet for naturforvaltning. Dette er område som bør prioriterast i tildeling av midlar

I tillegg til å fremje beitebruk skal tiltaka motverke attgroing og tap av biologisk mangfald og kulturmark. Dei skal også bidra til å betre moglegheitene for ferdsel og opplevingar i kulturlandskapet.

Kulturminneverdiar:

Det er eit ynskje å ta vare på gamle tradisjonelle og verneverdige bygg som mellom anna sommarfjøsar, kvernhus, stabbur, brønnar og steingardar. Kommunen har vore eit bonde- og fiskarsamfunn, der bygningar tilknytt dette har satt sitt preg på bygdene. Gardane var i klyngetun fram til om lag førre år hundre skiftet, då det vart flytta ut og oppdelt i den eigendomsstrukturen vi kjenner i dag. Det er difor ikkje så mange gardshus frå før denne tida att, men her er enno eit eksempel på slike bygg.

Forureining i landbruket:

Klimaet vårt, og jordart, gjer at drenering er nødvendig på det meste av dei dyrka areala.

God agronomisk handtering av husdyrgjødsel får auka merksemd. Bruk av slangespreiing blir brukt i aukande grad. Her kan tiltak for tilrettelegging ha god effekt.

Det er fokus på avrenning/forureining frå jordbruket, og det vil alltid vere behov for ein del utbetringar. Sterk endring i bruksstrukturen, mot større einingar, krev og tilpassing til gjødsellager. Elles kan ein forvente at det vert eit aukande behov for hydrotekniske tiltak.

5. Tiltaksgrupper

Kulturlandskap

Verdifulle jordbrukslandskap

Jordbrukspåvirka områder med kulturlandskapsverdiar, skapt av langvarig tradisjonell jordbruksdrift. Tilskotet skal gå til kulturlandskapstiltak som gjennom istandsetting, skjøtsel og vedlikehald ivaretek natur- og kulturminneverdiar i jordbruket sitt kulturlandskap, utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift.

Døme:

Skjøtte biologisk verdifulle areal, betre status for trua artar, betre tilstanden til kulturminner og kulturmiljø. Istandsetting av verneområde, setervollar og utvalde kulturlandskap i jordbruket.

Biologisk mangfald

Tilskot til tiltak som varetek biologisk mangfald og gamal kulturmark.

Biologisk mangfald er mangfaldet av økosystem, artar og genetiske variasjonar innanfor artane, og dei økologiske samanhengane mellom desse komponentane.

Gamal kulturmark er areal med vegetasjon utforma ved slått, beiting, styving, brenning eller andre driftsformer gjennom ein lang periode, ofte utan tilførsel av gjødsel.

Døme:

Etablering, restaurering, utbetring og skjøtsel av område og landskapselement som bidreg til å utvikle og ivareta leveområde og spreingsveggar for planter og dyr. Istandsetting og skjøtsel gjennom beiting, brenning, slått, styving eller anna form for hausting av gamal kulturmark.

Kulturminne og kulturmiljø

Tilskot til skjøtsel, vedlikehald og istandsetting av kulturminne og kulturmiljø, inkludert verneverdige bygningar etter kulturminnefaglege retningslinjer. Tilskotet kan også gjevast for vidareføring av kulturarv (kunnskap, tradisjonar og teknikkar).

Forskrifta omfattar ikkje freda bygningar.

Døme:

kvernhus, høyløer, stabbur, sommarfjøs, steingjerde, skigardar, seteranlegg, vardar / veter m.m.

Friluftsliv og tilgjengelegheit

Tilskot til tiltak som legg til rette for større tilgjengelegheit og opplevingar i jordbrukslandskapet, og som held verdifulle område opne. Tilskotet kan gjevast for å betre allemannheita sin tilgang til jordbrukslandskapet. Tiltaka bør i prinsippet ikkje omfatte turveggar og stiar i skog og utmark.

Døme:

Etablering, utbetring, rydding og vedlikehald av stiar og turveggar i jordbruksområda, samt investering i åtkomst, portar, gjerdeklyv eller anna tilrettelegging.

Forureiningstiltak

Tilskot til tiltak som bidreg til å redusere forureining eller risiko for forureining frå jordbruket. Tiltaka må ikkje kome i konflikt med viktige naturverdiar eller kulturminne. Det må vurderast om søkjar bør kontakte fagleg kompetanse i landbruks- og miljøforvaltninga eller andre kompetansemiljø.

Forureining – Avrenning til vatn

- Utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg

Døme: Utbetring av skader på eksisterande anlegg, utover vanleg vedlikehald. Til døme reperasjon av øydelagde kummer, avskjeringsgrøfter m.m.

Vanleg grøfting/drenering av jordbruksareal fell utanfor forskrifta sitt formål, men kan vurderast innafor ordninga «Drenering av jordbruksjord».

- Mindre sikringstiltak av elve- og bekkekantar

Døme: Steinsetting av utsette parti

- Fangdammar og andre økologiske reinsetiltak

Døme: Etablering av fangdam, våtmarksområde, reinseparkar og vegetasjons soner for reinsking og beskytting.

RMP-tilskot til årleg vedlikehald av fangdammar: kr. 5000,- per dam

- Miljøplantingar

Døme: Planting som er gunstig for miljøet, klima, pollinerande insekt, landskapet, kulturlandskapet, motverkar ureining, eller stabilisera kantar langs vassløp. Det skal nyttast stadeigne treslag / buskar.

Forureining – Utslepp til luft

- Dekkje over eksisterande gjødsellager

Døme: Etablering av dekke over eksisterande gjødsellager

Plantevernmidlar

- Reinsketiltak for å redusere tap av plantevernmidlar

Spesielle investeringar som reduserer risiko for tap av plantevernmidlar, som biobed ved påfyllings plasser og liknande.

Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt

Formålet med slike prosjekt er å leggje forholda til rette for større heilskaplege miljøprosjekt over større områder, som til døme er knyta til eit vassdrag eller ei grend.

Prosjekta skal lede fram til gode og konkrete kulturlandskaps- og forureiningstiltak.

6. Prioriteringar og satsar

Prosentsatsane er tilskotssatsar av godkjent kostnadsoverslag

Prioritet	Tiltakskategori med tiltak	Tilskot SMIL	Andre tilskotsordningar
1	Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt Tilskot til prosjekt som leiar fram til gode og konkrete heilskaplege fellestiltak for eit større område, til døme eit verneområde, eit vassdrag eller ei grend	Inntil 70%	
2	Hydrotekniske tiltak og økologiske reinsetiltak Døme: Reperasjon av avskjeringsgrøfter, reinsking og rydding langs opne kanalar, etablering av fangdam m.m.	Inntil 50%	Vanleg grøfting/drenering: «Drenering av jordbruksjord»
3	Beitetiltak i gammal beite- og slottemark samt kystlynghei og utvalde naturtyper Restaurering og rydding av beite for klargjering for beitedyr i etterkant	Inntil 50%	Varige skjøtselstiltak: RMP
4	Fjerning av gamle metallgjerder (t.d. piggtråd /nettinggjerde (Prøveprosjekt i 2025) Det gis tilskot på 10 kr/m. I søknaden må det leggjast ved kart / ryddetrassè og før/etter bilete Tilskotet gjeld fjerning av min. 20 m gjerde	2000 kr for oppstart + 10 kr per m.	
5	Skjøtsel og restaurering av bygningar og kulturminner Tilskot avgrensa til utvendige tiltak og berande konstruksjonar. Alle tiltak må fylgje antikvariske retningslinjer. Restaurering av bygningar: Kostnadsoverslag skal settast opp av fagperson.	Inntil 40%	Skjøtsel av kulturminne: RMP
6	Ferdselstiltak Tiltak som legg til rette for, og betrar allmennheita sin tilgang til jordbrukslandskapet	Inntil 50%	
7	Digitale gjerder (Ved særlege høve) (Prøveprosjekt i 2025) Tilskot til innkjøp av klavar, med vilkår at klavane skal brukast til å beite omsøkt areal i min 3 år, samt at det ikkje er lov å selje klavane vidare før perioda er over.	Inntil 50% - Maks 15000 kr per søkjar	Tilskot til digitale gjerder vert prioritert under «Tiltak i beiteområde» som fellestiltak for beitelag / grunneigarlag

Lista over tiltak er ikkje uttømande. Andre tiltak som fell inn under føremålet i Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket kan vere aktuelle

7. Rettleiande satsar for eige arbeid / utstyr:

Satsar for eigen innsats (Satsane gjeld for 2025, og er henta frå Statsforvaltaren og Innovasjon Norge)	
Verdi per time eigeninnsats	Kr 400
Verdi per time, eige arbeid med motorsag	Kr 435
Verdi per time bruk av eigen traktor/ATV	Kr 650
Verdi per time bruk av eigen gravemaskin med førar	kr 800

Eigeninnsats skal dokumenterast med timelister som inneheld dato, utført oppgåve og navn på utførar. Det skal ikkje bereknast mva på eigeninnsats

Sjekkliste før innlevering av søknad:

- God beskriving av tiltaket
- Vedlagt kart over området (gjerne NIBIOs gårdskart)
- Vedlagt bilder
- Detaljert kostnadsoverslag og finansieringsplan
- Leigeavtalar ved leige av jord

Kommunen vurderer synfaring for kvart tiltak.

8. Søknadsfrist og handsaming

Søknadsfristen er 15. mars. Ein kan søkje fortløpande utover året etter fristen.

Søknadar som kjem inn innan fristen vert prioritert. Søknadar som kjem inn etter fristen vert handsama så lenge ein har ledige midlar etter hovudtildelinga. Søknadane vert prioriterte ut frå dei lokale retningslinjene.

Søknad finn du her: [Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket \(SMIL\) - Landbruksdirektoratet](#)

Her finn du også forskrifta, generell rettleiing for registrering av søknad og kommentarar til forskrift om tilskot til SMIL.

Haram kommune

Landbrukskontoret